



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VURDERINGSRAPPORT

SKARE BARNESKULE



28. – 30. oktober 2003



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

1 Føreord

Regionalt samarbeid om vurdering og kvalitetsutvikling

Med utgangspunkt i Stortingsmelding nr. 28 (1998-99) "Mot rikare mål", vart det sett i gang eit 3-årig nasjonalt prosjekt : "Ekstern deltaking i lokalt vurderingsarbeid". Hordaland søkte, men kom ikkje med i prosjektet.

Likevel var signala der, og kommunane vart oppmoda om å jobba med kvalitetsutvikling og vurdering. Desse signala er forsterka i Kvalitetsutvalet si delinnstilling av 14. juni 2002 "Førsteklasses fra 1. Klasse".

Skulesjefane/dei skulefagleg ansvarlege i kommunane i Hardanger/Voss har såleis vedteke å oppretta ei vurderingsgruppe i regionen. Regionen består av mange små kommunar som kvar for seg ikkje maktar å gjennomføra ekstern vurdering. I det regionale samarbeidet er økonomiske og personlege ressursar samla og nytta på tvers av kommunegrensene på ein god og effektiv måte.

Føremålet er at vurderingsgruppa skal vera til hjelp i arbeidet med pedagogisk kvalitetsutvikling i skulen.

- Sikra kvalitetsutvikling
- Erkjenning av at skulen treng, og kjem til å få "auge utanfrå"
- Ekstern hjelp i vurderingsarbeidet
- Oppfylla kravet i Opplæringslova om kommunen sitt ansvar for å sjå til at skulane jamleg vurderer si eiga verksemd

Kven er vurderar ?

9 personar i Hardanger/Voss er medlemmer i vurderingsgruppa. Dei har brei og variert pedagogisk bakgrunn, og skal vurdere dei 48 grunnskulane i regionen i løpet av 6 år, dvs. 8 skular pr år. 2 frå gruppa (vurderingspar) gjennomfører vurdering på ein skule, og ingen vurderer skular i eigen kommune.

Kva gjer vurderarane ?

- Skulen vel eit fokusområde for vurdering, i samråd med skulefagleg ansvarleg i kommunen
- Vurderingsparet førebur sjølve vurderinga gjennom eit fyrste møte med skulen, utarbeiding av kriterium, metodeval og verktøy tilpassa det skulen ynskjer fokus på.
- Sjølve vurderinga vert gjennomført.

Rapporten

Vurderingsparet skriv ein rapport om resultatet av vurderinga. Rapporten trekker fram verksemda sine sterke sider, og kva utfordringar skulen har. Han gjev også informasjon om rammene for vurderinga – tidsbruk, metodeval, verktøy m.m.

Vurderinga tek ikkje mål av seg til å gje eit fullstendig bilete av skulen, men kanskje eit bidrag til kva ein skal arbeida vidare med innan det fokusområdet som er vurdert. Det er ynskje at dei reiskapar og metodar som har vorte nytta, kan overførast til det interne vurderingsarbeidet skulen årleg arbeider med.



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

2 FAKTA OM SKULEN

Skare barneskule er ein 5-delt barneskule med totalt 63 barn. 3. og 4. klasse går saman. Det same gjer 5. og 6. klasse. Det er 7 lærarar i pedagogisk stilling. Administrasjonsressursen er 72 %. Det totale rammetimetall er 165 skuleåret 2003/2004. Skulen har SFO.

Skulen er bygd midt på 1970-talet og har òg funksjon som grendahus med stor møtesal og gymsal. Det er symjebasseng ved skulen. Kvar fredag har heile skulen morgonsamling. Foreldre kan møta opp. Det er organisert uteskule. Skulen er godt utstyrt på IKT sida.

3 VURDERINGSTEMA

Skare barneskule har bede om vurdering på følgjande tema :

Lese- og skriveopplæringa frå 1. til 7. klasse

4 KRITERIUM/KVALITETSKRAV

Kriterium tyder her krav til kjenneteikn på god kvalitet. Dei fastsette kriterium er henta frå lov, regelverk, læreplanverk og skulen sine eigne planar.

Når vurderingsparet gjennomfører ei vurdering, vert kriterium samanlikna med den informasjon som er samla om temaet gjennom intervju og observasjon på skulen, i tillegg til dei dokument som skulen har lagt fram.

Kriterium i denne rapporten er utforma av vurderingsparet, og godkjende av skulen.



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

KRITERIUM	TEIKN PÅ GOD PRAKSIS
Elevane får systematisk opplæring i lesing og skriving.	<ul style="list-style-type: none">- lokal plan over viktige undervisningselement på kvart trinn- heile kollegiet er kjent med metodar i leseinnlæring- felles val for skriftformingsutviklinga- lese- og skriveopplæring er viktig i alle fag- eleven får tilbakemelding/vurdering av arbeidet sitt- vurdering er tema i elevsamtalen og foreldresamtalen- skulen har plan for opplæring i IKT- lærarane er gode rollemodellar når det gjeld lesing og skriving.
Det er god trivsel på skulen	<ul style="list-style-type: none">- det er lite konflikter på skulen- elevane opplever arbeidsro- elevane har det kjekt på skulen- dei tilsette trivst på skulen- klasseromma er trivlege
Skulen utviklar leselyst og leseglede, gode lesevaner og lesestrategiar.	<ul style="list-style-type: none">- det blir sett av tid til lesing kvar dag- kvart trinn har eit spesielt leseopplegg- det er god tilgang på litteratur- elevane har kjennskap til ulike lesestrategiar- elevane les meir enn skulebøker- interesse for utlån frå biblioteket
Elevane har tilgang til bibliotek i skuletida.	<ul style="list-style-type: none">- elevane kan nytta biblioteket i oppgåveløysing og lesestunder- elevane har ofte tilgang til biblioteket- dei vaksne kan gje rettleiing- bibliotekansvarleg kan gje råd og rettleiing til kollegaene- biblioteket har mangfald av litteratur
Skulen nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla i lesing og skriving	<ul style="list-style-type: none">- eleven er aktiv i læringssituasjonen- leik, drama og samtale med utgangspunkt i forteljing, eventyr, poesi og prosatekster o.s.v.- skriftleg formaltrening, friskriving og prosessorientert skriving- ulike sjangre i skrivetrening som brevskrivning, notatteknikk, samandrag og liknande.- elevane har tilgang til lesespel og valfrie tilleggsoppgåver- elevane nyttar IKT i oppgåveløysing- elevane har arbeidsplanar med tydelege læringsmål
Skulen driv tilpassa opplæring innanfor lese- og skriveopplæringa.	<ul style="list-style-type: none">- det er plan for kartlegging av lese og skrivedugleik på skulen- skulen evaluerer resultatane og kan setja i gang styrkingstiltak- elevane har ulike arbeidsplanar- eleven får støtte i læringsarbeidet heime



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

5 DELTAKARAR I VURDERINGA

- Interne : Alle klassestyrarane
Rektor
Elevane i 2. – 7. klasse
Alle foreldre har svart på spørjeskjema
- Eksterne : Vurderingsparet

Grunngjeving for val av informantar

I vurderingsarbeidet er det viktig å involvere dei partane det gjeld. I lese- og skriveopplæring gjeld dette i første rekke lærarar og elevar. Men òg føresette.

6 TIDSBRUK

Det er avsett 1 veke til å vurdere ein skule. Dette inneber i hovudsak ein startdag der vurderingsparet møter skulen for fyrste gong for avklaringar og planlegging. Under sjølvne vurderinga, er vurderingsparet på skulen i inntil 3 dagar. Skulen får rapporten umiddelbart etter vurderingsdagane. I forkant og undervegs førebur vurderingsparet informasjon, metodar, verktøy og driv informasjonsbearbeiding og oppsummeringar.

Å gjennomføra ei kvalitetsvurdering på 3 dagar er knapp tid, og inneber ei avgrensing av vurderinga.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

TID	TILTAK	ANSVAR
Veke 35	Skulen melder inn vurderingstema. Skulen sender diverse informasjon til vurderarane.	Skulen
Veke 40 Tysd. 30.sep.	Vurderarane har sitt første møte med skulen. Spørjeskjema for å skaffe kunnskapsgrunnlag vert overlevert (elevar, foreldre, tilsette)	Begge partar
Veke 41	Skjema vert utfylte og sende til vurderarane	Skulen
Veke 42	Oppsummering av spørjeskjema. Kriterium og teikn på god praksis vert utarbeidd og sendt skulen for godkjenning.	Vurderarane
Veke 43	Skulen melder attende godkjenning av kriterium. Utarbeiding av samtaleguidar og observasjonsskjema. Vurderingsparet sender sine endelege ynskje i høve observasjon og samtalar til skulen. Skulen planlegg den praktiske tilrettelegginga.	Skulen Vurderarane Vurderarane Skulen
Veke 44 28.,29. og 30. okt.	Sjølv vurderingsveka. Informasjonsinnhenting – intervju 5 elevgrupper - intervju 7 tilsette - observasjon av norsktimar Vurdering : Analyse og oppsummering Framlegging : Rapporten vert lagt fram for personalet for kommentarar og evt. justeringar	Vurderarane
Veke 44/45	Endeleg rapport og rapportvedlegg vert sendt skulen. Rapport vert sendt Odda kommune.	Vurderarane
Innan veke 47	Skulen vert beden om å gje ei evaluering av vurderingsopplegget (på fast skjema)	Skulen
november	På rektormøte deler rektor sine erfaringar m.m. med dei andre skulane i kommunen. Rapport og spørjeskjema vert lagt ut på regionen si nettside. Skulen informerer FAU/foreldre	Kommunen/ Regionen Skulen



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

7 METODAR

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metode. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle- og gruppesamtalar, møte og observasjon.

I denne vurderinga er følgjande metodar nytta:

Dokumentanalyse

Skulen sende vurderingsparet diverse relevante dokument, til dømes verksemdsplan, arbeidsplanar, vekeplanar og årsplanar

Spørjeskjema

I forkant av skulebesøket sende vurderingsparet ut spørjeskjema om lese- og skriveopplæring (vedlegg). Dette vart fylte ut av foreldre, lærarar og elevar frå 3. – 7. kl. og returnert til vurderingsparet for oppsummering.

Kriterium og teikn på god praksis

Vurderingsparet utarbeidde kriterium og teikn på god praksis med utgangspunkt i L-97 m/rettleiing, UFD sin tiltaksplan: "Gi rom for lesing", skulen sine planar og resultatet av spørjeundersøkinga.

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

For å kunna gjera djupdykk i temaet, laga vurderingsparet samtaleguidar for samtalar med dei tilsette og elevane. Vi var òg observatørar i 3 norsktimar.

Vurdering

Vurderingsparet føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå elevar, tilsette og foreldre mot utarbeidde kriterium og teikn på god praksis. Utifrå vurderinga vart det trekt ein konklusjon.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

**8 SKULEN SINE STERKE SIDER INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- velutstyrt og mykje nytta bibliotek
- godt utstyrt på datasida
- mange lærarar er med i kursrekke om den første lese- og skriveopplæringa
- elevane møter mykje skriftspråk og bilete i skulemiljøet
- mykje pedagogisk tilleggsmateriell

Elles:

- engasjerte lærarar
- god tone på personalrommet
- kjekke og reflekterte elevar
- klasseromma var ryddige og trivelege
- tiltalende uteområde
- god informasjonsfaldar til heimane

**9 SKULEN SINE UTVIKLINGSOMRÅDE INNAN
VURDERINGSOMRÅDET**

- Utarbeide IKT-plan med progresjon for kvart årstrinn
- Nytt eit spesielt leseopplegg på kvart årstrinn
- Ta i bruk formell elevsamtale
- Setja fokus på felles skrifttype
- Utvikla og prøva arbeidsplanar



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

UTDJUPING AV UTVIKLINGSOMRÅDA

Utarbeide IKT- plan med progresjon for kvart årstrinn

IKT er eit av dei fem basisområda (NOU 16). Tekstbehandling er ein viktig reiskap i prosessorientert skrivning. Ungdomskulen "ventar" at nye elevar er på eit visst nivå i IKT.

Dette er tre argument for at alle barneskular bør ha ein plan m/progresjon i faget.

Nytta eit spesielt leseopplegg på kvart årstrinn

Lesing er basiskunnskap. Spesielle leseopplegg kan halda vedlike, vidareutvikla og auka interessen for lesing. Det kan vera eit svar på spørsmålet "Eleven kan lesa – og kva så?". Klassen får felles opplevingar gjennom litteraturen. At alle klassar gjer dette, viser elevane at lesing er satsingsområde.

Ta i bruk formell elevsamtale

Lesing og skrivning er basisfag. Elevsamtalen er viktig for å gjera avtalar om utvikling i lesing og skrivning.

Elevsamtalen er dessutan eleven og læraren sin medarbeidarsamtale.

Utvikla og prøva arbeidsplanar

Arbeidsplanar med tydelege læringsmål viser eleven kva som er forventa av dei, og foreldra får god informasjon.

Arbeidsplanar er òg ein god reiskap i arbeidet med tilpassa opplæring – òg i skrivning og lesing.

Arbeidsplanar er fremjande for elevaktivitet og trivsel.

Setja fokus på felles skrifttype

Skulen bør ha ei felles haldning til handskrift.



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

10 VIDARE ARBEID ETTER OKT. – 03 SKARE BARNESKULE

Utviklingsområde	Idear		
IKT-plan med progresjon for kvart årstrinn	Kompetanse i kollegiet		
Nytta eit spesielt leseopplegg på Kvart årstrinn	Lesekvart, Leselyst, Grip boka, klassesett av romanar og fleire idear på skolenettet		
Ta i bruk formell elevsamtale			
Utvikla og prøva arbeidsplanar	Kompetanse i kollegiet		
Setja fokus på felles skrifttype	Dette skal vera tema på eit personalmøte		

6 månader etter at skulevurderinga finn stad, vil rektor rapportera attende til skulesjef/skulefagleg ansvarleg korleis skulen har arbeidd med utviklingsområda sine. Det politiske fagutvalet vil få ei orientering.

Skare 30. oktober 2003

Inger Selin Hansen
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

Torgeir Vassnes
vurderingsgruppa i Hardanger/Voss

5 vedlegg



Hardanger / Voss kompetanseregion Vurderingsgruppa

VEDLEGG 1

Til foreldre ved Skare barneskule

Skare barneskule har ekstern skulevurdering 28. – 30. oktober. Dei som vurderer er Inger Selin Hansen frå Voss og Torgeir Vassnes frå Kvam. Temaet for vurdering er lese- og skriveopplæring. I samband med dette vil vi gjerne stilla Dykk foreldre nokre spørsmål. De kan bruka baksida til utfyllande kommentarar. Har de fleire born på skulen, vil vi gjerne at de fyller ut eit skjema for kvart barn. Svara skal vera anonyme.

Barnet mitt går i..... klasse

1. Likar barnet ditt å lese? Svært godt Godt Mindre godt
2. Kor viktig meiner du leseleksa i leseboka er ?
Svært viktig Viktig Mindre viktig
3. Korleis les barnet ditt på leseleksa i leseboka (her kan du setja fleire kryss)?
Les stille Les høgt for seg sjølv Les høgt for ein vaksen Les sjeldan
4. Kva les barnet ditt utanom skulebøker (her kan du setja fleire kryss)?
Bøker Aviser Teikneseriar Vekeblad Les sjeldan
5. Kor ofte har barnet ditt leselekse?
Passe ofte For ofte For sjeldan
6. Korleis likar barnet skriftlege norskoppgåver?
Svært godt Godt Mindre godt
7. Kva meiner du om mengda av skriftlege lekser gjennom veka?
Passe For ofte For sjeldan
8. Synest du barnet har ei god og tydeleg handskrift?
Ja Nei Sånn passe

Takk for hjelpa



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgruppa

VEDLEGG 2

Til elevar i 3. – 7. klasse !

1. Set kryss dei dagane du gjer leselekse i leseboka
Måndag Tysdag Onsdag Torsdag Fredag Laurdag Sundag

2. Korleis les du leseleksa ?
Stille Høgt for meg sjølv Høgt for ein vaksen

3. Korleis likar du leseleksa ?
Svært godt Godt Mindre godt Dårleg

4. Kva gjer du viss du kjem til eit ord i leksa du ikkje skjønar ?
Spør læraren Spør ein vaksen Spør ein kamerat Ser i leksikon Ingenting

5. Kva les du utanom skulebøker ?
Barnebøker Ungdomsbøker Aviser Teikneseriar Vekeblad Les sjeldan

6. Set kryss dei dagane du gjer skrivelekse
Måndag Tysdag Onsdag Torsdag Fredag Laurdag Sundag

7. Kva slag skrivelekse likar du best ?
.....
.....
.....

8. Kva slag skrivelekse likar du minst ?
.....
.....
.....

9. Kor viktig er det for deg å skrive fint ?
Svært viktig Viktig Lite viktig



Hardanger / Voss kompetanseregion
Vurderingsgrupp

VEDLEGG 3

Til lærarane ved Skare barneskule

Vi ber om at de arbeider med desse spørsmåla og sender svara tilbake til vurderingsparet saman med elev- og foreldreskjema. Vi vil bruka spørsmål og svar i samtalen med dykk (i vurderingsveka) , så de må setja namn på svara. Bruk baksida av arket dersom de treng meir plass.

Vi ønskjer å vita noko om

- 1. Organisering i klasserommet.**
- 2. Arbeidsprogram/arbeidsplanar/differensiering.**
- 3. Kva ditt syn på leseleksa er.**
- 4. Kva du prioriterer når du set opp plan for norskfaget.**
- 5. Kva som er dine sterke sider innan norskfaget.**
- 6. Kva du ser på som dine "utfordringspunkt" i norskfaget.**
- 7. Kva du ser på som den ideelle læringssituasjonen i lesing.**
- 8. Enkle grep som du kan gjera for å fremja lesing i klassen din.**
- 9. Kva type skriftlege oppgåver gir du oftast til elevane.**
- 10. Vurdering av elevane sitt arbeid**



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 4

Samtaleguide – elevar

Trivsel:

1. Er det kjekt på skulen?
2. Er det arbeidsro i timane ?
3. Er det mobbing på skulen?
4. Synest de klasseromma er trivelege?

Systematisk opplæring:

5. Korleis er tilbakemeldinga på arbeidet du gjer? (vurdering/kommentar)
6. Har de elevsamtale ?

Lesevanar/leselyst:

7. Om leseleksa? - Kor mykje? Kor ofte? Korleis ?
8. Korleis les du leseleksa heime?
9. Har de eit spesielt leseprosjekt/leseopplegg?
10. Les de noko anna en skulebøker?

Biblioteket:

11. Lånar de bøker på biblioteket?
12. Kor ofte kan de låna bøker på biblioteket?
13. Brukar de biblioteket i oppgåveløysing og lesestunder?
14. Får de opplæring i bruk av biblioteket ?

Arbeidsmåtar:

15. Korleis jobbar de med lesinga på skulen? Drama ? samtale? Munnlege forteljingar? Samtale ?
16. Korleis jobbar de med skriving ? Finskriving? Prosessorientert? Ulike sjangrar? Brev, notat, samandrag ...
17. Brukar de lesespel ?
18. Har de valfrie tilleggsoppg.?
19. Brukar de data(IKT) i oppgåveløysing?
20. Brukar de arbeidsplanar m/læringsmål ?

Tilpassa opplæring:

21. Har alle den same arbeidsplanen? Har de nokre val?
22. Får du hjelp heime?



Hardanger / Voss kompetanseregion *Vurderingsgruppa*

VEDLEGG 5

Samtaleguide – pedagogisk personale ved Skare barneskule

1. Elevane får systematisk opplæring i lesing og skriving

- a) har de ein fast lokal plan for norskfaget?
- b) kjenner du til metodar i den første leseinnlæringa?
- c) har de pedagogiske diskusjonar/tematid i norskfaget -om metode og innhald?
- d) har de valt ein felles skrifttype med progresjon ?
- e) korleis gjev du elevane tilbakemelding?
- f) er vurderinga tema i elevsamtalen/utviklingssamtalen?
- g) har skulen plan for IKToppplæring? Kan alle undervisa i denne?

2. Det er god trivsel ved Skare barneskule

- a) trivst **du** på skulen?

3. Skulen utviklar leselyst og leseglede, gode lesevaner og lesestrategiar

- a) blir det sett av tid til lesing kvar dag- kor lenge?
- b) har skulen eit leseopplegg for kvart trinn?
- c) har dei eldre elevane kjennskap til ulike lesestrategiar?

4. Elevane har tilgang til bibliotek i skuletida

- a) kan elevane nytta biblioteket i oppgåveløysing og til lesestunder?
- b) har du nok kunnskap om barnelitteratur slik at du kan gje rettleiing?
- c) er det bibliotekansvarleg lærar som du kan få råd og rettleiing av?
- d) meiner du at det er god tilgang på litteratur? -også lydbøker, teikneseriar, faktabøker tidsskrifter- tilpassa modning, utvikling og interesse?
- e) har de nyare pedagogisk litteratur for lærarar?

5. Skulen nyttar varierte arbeidsmåtar for å nå læringsmåla i lesing og skriving

- a) meiner du at elevane er aktive i læringssituasjonen- korleis?
- b) nyttar du ulike arbeidsmåtar for å nå læringsmåla? Kan de nemna nokre?
- c) nyttar elevane IKT i oppgåveløysing? Internett?
- d) nyttar du arbeidsplanar ? Korleis vektlegg de lesing –skriving i desse planane?
- e) viser arbeidsplanane ulike arbeidsmåtar?
- f) nyttar du valfrie tilleggsoppgåver?

6. Skulen driv tilpassa opplæring innanfor lese-og skriveopplæring

- a) har de plan for kartlegging av lese –og skriveugeleik.? Er de nøgd med innhaldet?
- b) evaluerer de resultata? Kan de setja i gang styrkingstiltak ?
- c) korleis differensierer de arbeidsoppgåver i mengd og innhald?

